

Den norske arkitekturen

I denne serien reiser **Ronny Spaans** rundt i landet og ser korleis det står til med arkitekturen i norske byar og bygdebyar. Ronny Spaans er journalist i Dag og Tid.



Brun og blid ligg Lom ved rota av det majestetiske Lomseggi. Kommunen er innfallsport til tre nasjonalparker: Breheimen, Jotunheimen og Reinheimen. Statusen som nasjonalparklandsby set krav til miljø og byggeskikk i sentrum.

Lom: Brun og blid

Vesle Lom på to tusen innbyggjarar har greidd det ingen andre har makta: å tvinge dei store daglegvarekjedene i kne.

ARKITEKTUR

TEKST OG FOTO:
RONNY SPAANS
ronny@dagogtid.no

«**B**urt med framand rekarved! / Sjølv hev Norig emnesved! / Sjølv hev Norig i det dulde, / emne som ein ikkje skulde / tru gav eigarfolket fred.» Det kved lomsdiktaren Olav Aukrust i diktet «Emne». Diktet har vorte misbruka mange gonger. Men i Lom i dag kjem det til sin rett, for betre skildring av den arkitektoniske situasjonen i bygda finst ikkje. I Lom blømer dulde, lokale byggeskikkar og folketradisjonar. Og lomværene er byrge av dei.

Når dei store kommersielle kjedene kjem rekande og lovar lomværene «nytenkjing og verdiskaping» dersom dei får plante kjøpehallane sine i lomsjorda, har fjellfolket svaret klart: «De må gjerne koma, men ingen butikkhallar her, rett dykk etter den lokale byggeskikken.»

Ein skulle vente at dette var

eit prinsipp alle norske tettstader fylgde. Men nei. Lom er så å seia åleine om ein slik arkitekturpolitikk. «Lom er ein tettstad der lokalpolitikarane ikkje har sove under møta i bygningsrådet, men har full kontroll på alt frå takvinklar til husfarge», har Aslaug Haga sagt.

– NORSK FOLKEÅND LEVER VIDARE

– Eg arbeidde sju år som prest i Rena. Der var det debatt om eit falleferdig funkishus. Dersom ein sette det i stand, ville det vera ein ressurs for staden, for bygningen låg ved inngangen til Rena sentrum, men ein valde å rive det, så Rema 1000 fekk byggje der. Kommunen ville såleis vise at dei var ei bygd i vokster. Huff, at ein kan tenkje så gamaldags i dag.

Det fortel den nye soknepresten i Lom, Synnøve Sakura Heggem. Medan ho seier dette, høyrer vi «Emne» opplese på Nordgard Aukrust, fødestaden til skalden.

– I Lom tenkjer dei heilt annleis. Her er det tale om heilskaps-

inntrykket. Arkitektur, natur og ånd er tettvovne. Ja, ein kan godt seia at norsk folkeånd lever vidare i naturen og i folket i Lom, fortel presten.

Økobonden Ola Aukrust har bode inn til seminaret «Mytane som skaper Noreg». Han er grandnevø av lomsskalden og er sjølv ei personifisering av norsk folkeånd. Orda til Heggem blir lekamleggjorde på Nordgard Aukrust. Her lever omgrep som motkultur og norskdom vidare i slow-food, biodynamisk jordbruk og antroposofi.

NASJONALPARKLANDSBY

Fjellbygda i Ottadalen ligg midt mellom fire nasjonalparker. I 2008 vart Lom sentrum, Fossbergom, peika ut som nasjonalparklandsby av Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning.

I sentrum møter eg Simen Bjørgen, tidlegare ordførar i Lom. For augneblinken er han direktør i Norsk kulturarv, men i november tek han over direktørstillinga

i Norsk kulturminnefond. Bjørgen gjorde sjølv ein stor innsats for at kommunen skulle få statusen som nasjonalparklandsby.

– Merkelappen nasjonalparklandsby set krav til miljøsertifisering og berekraft. Lom sentrum skal spegla at vi bur i eit nasjonalparkområde.

Bjørgen vektlegg at denne statusen er å takke den strenge arkitekturpolitikken Lom har ført:

– Faktisk opplever næringslivet det frigjerande at kommunen opererer med klare krav til farge og volum på hus og haltingsvinkel på hustak. Då veit dei kva dei må rette seg etter.

KAMPEN MOT DETALJKJEDENE

Men protestar har det likevel vore. I 1960-åra førde kommunen inn forbod mot Moelven ferdighus, eit forbod det mest vart rettssak mot. Ein annan kamp som òg førde til usemje, er krava bygningsrådet i heradet sette til Esso-kjeda. I motsetnad til dei fleste andre stader i landet er det

lysande reklameskiltet til bensinstasjonen halvveges gøymt under eit tretak.

– Vi tillèt ikkje neonreklame i Lom. Vi hadde mange rundar med Esso for dei lempa seg etter kravet. Som du ser elles i sentrum, godtek vi berre diskret skilting.

Det stoggar ikkje ved butikk-skilt. Reglane gjeld heilt ned på detaljplanet. Statens vegvesen protesterte då dei ikkje fekk plante standardiserte skilt i bygda. Lom tillèt berre pulverlakkerte skiltstolpar – dei skal ha den gudbrandsdalske tjørebrunleten. Jamvel søppelkassane i fjellbygda er brune og har saltak.

Dei to siste byggjeprojekta i Lom sentrum, kulturhuset og kjøpesentret, retter seg òg etter dei strenge reglane. Begge er brunmåla og tilpassa landskapet omkring i volum og form.

– Det blir sagt at arkitekturen er for einsretta. Nei, studerer du bygningane, byd dei på variasjon, for kvar for seg er dei svært ulike. Men



krava til fargeval, takvinkel og volum er likevel nok til å gje Lom eigenarta si, seier Bjørgen.

NYTT ELLER KOPI?

Kvifor hegnar lomværene i større grad enn andre nordmenn om den lokale byggjestilen?

Simen Bjørgen stoggar opp, og målet får ein varare tone. Han nemner eit årstal – 1936:

– Det var eitt av dei tristaste åra i saga åt Lom. Då brann prestegarden ned. Jamvel Edvard Grieg hadde vore på vitjing her. Det var her han skreiv ned Gjendine Slåliens bådnull. Ja, det seiest at han forelska seg i sæterjenta.

Bygningen gjekk tapt, men diskusjonen om korleis preste-



Åslaug Haga sa då ho var kommunalminister 2007 at ho skundar seg gjennom norske tettstader, fordi dei er så stygge, men ho gjorde eit unntak for Lom. Det kan vi takke Torbjørn Fjeldstad, arkitekten som har teikna mange av bygga i sentrum.

– Vi tillèt ikkje neonreklame i Lom.

Simen Bjørgen

garden skulle reisast att, mobiliserte innbyggjarane i heradet:

– Skulle ein byggje nytt eller kopi? Ein enda opp med ei kompromissløyning. Ein ville koma framtidige brannar i forkjøpet, så huset vart bygt i betong. Men samstundes skulle bygningen samsvara med den lokale byggeskikken. Den nye prestegar-

den formar ein inspirasjon for nybygg i resten av Lom sentrum.

BYGDEDYRET OG TROLLKATTEN

Murbygg dekte med brune trepanel! Er ikkje det juks? Samtidig er det ikkje til å koma unna at den strenge arkitekturpolitikken fell godt saman med den store satsinga på Lom som turistsentrum.

«I Lom har dei drege det for langt», sa arkitekt Ketil Kiran til

Dagens Næringsliv i 2007 og viste til biografien åt Ingar Sletten Kolloen om ein annan Lom-diktar, Tor Jonsson – husmannsdiktaren som slost mot bygdedyret.

«Det er nærliggende å se noen paralleller. Jeg får litt den følelsen at det blir for kvelende homogent når alt skal være likt», sa arkitekten til avisa.

Eg spør Bjørgen om arkitekturen ikkje er eit uttrykk for storbonderomantikk. Han lener seg

mot Tor Jonssons minnestein utanfor rådhuset og forklårar at den sosiale skilnaden i bygda ikkje var så stor som mange vil ha det til. Storgardane finn ein lenger sør i Oppland og i Hedmark.

Kva tenkte Jonsson sjølv om modernistiske stilarter? I artikkelen «Eg trur på Trollkatten» omtalar han modernistane med uttrykk frå landbruket: «Kvigene stod med tomme åndsauget og

rauta vilt mot rømda, stundom slo dei modernistiske krullar på rautet og tøygde det tynt som ein kongrovev-tråd.»

Kvigene var bergtekne av «trollkattane». Med det meiner Jonsson modernistiske diktarar, men det spørst om han ikkje òg ville tillagt modernistiske arkitekter ei aldri så lita trollkatrumpe.

UEKTE LANDSBY?

Men termen «einsretting» er likevel viktig i denne samanhengen. Lom utfordrar oppfatninga vår av omgrepet autentisitet. I motsetnad til hundreår gamle gardstun kring sentrum og Lom stavkyrkje er tettstaden ikkje eldre enn hundre år. Tjørebeisa Fossbergom gjev illusjonen av autentisitet.

Her lever omgrep som motkultur og norskdom vidare i slow-food, biodynamisk jordbruk og antroposofi.

Prestegarden er Lom i eit nateskal. I den store samanhengen blir spørsmålet om kopi eller samsvar med «samtida» irrelevant så lenge Lom maktar det som få andre norske tettstader greier: å skapa stadidentitet og stå imot presset frå utbyggjarar som tenker profittmaksimering og kjem dragsande med sjarmause kjøpehallar, samansette av store, standardiserte byggeelement.



Dei strenge arkitekturreglane gjeld heilt ned på detaljplanet i Lom. Simen Bjørgen, tidlegare ordførar og direktør i Norsk kulturarv, er kry over søppelkassane i fjellbygda.



Bakeriet til meisterkokken Morten Schakenda er det kulinariske høgdepunktet i Lom. Det nye tilbygget til bakeriet er inspirert av Lomskyrkja og eit bakeri i Seattle.



Eidsvoll
Nasjonal voggetruga av monumentalismen i Gardermoen.



Brønnøysund
Svært kjøpesenter plassert i sentrum prega av låghus.



Sogndal
For mange betongkasser med flate tak.



Tromsø
Brokut arkitektur, men byen har sjarm.



Stavanger
Spenstig arkitektur utan vektlegging på signalbygg.



Kristiansand
Mellom småhus og stormannsgalenskap.



Ål i Hallingdal
Det skal meir enn bonderaud fasade til å gjera ei bygd bonderomantisk.



Ålesund
Gje oss detaljane og arabeskane attende, livsgleda i jugendstilen!



Kragerø
Perfekt på grensa til keisam.



Bergen
Bergen sentrum får så mangt eit hjarta til å smelte.



Rakkestad
Har lagt ned kjøpesenteret og flytt handelen inn til sentrum.



Voss
Homogent og vakkert byrom, men utkanten av sentrum øydelegg heilskapen.



Arendal
Byen har potensial til å bli av dei vakraste i landet. Difor vert ein vonbroten. Jamvel gamlebyen er skjemd ut.



Røros
Det mest imponerende er at alle kommunale institusjonar enno ligg i gamle trehus.



Risør
Ein av Noregs best bevarte trehusbyar, men truga av eit stort byggeprosjekt.

– Utradisjonelt, men kostesamt

sentrum ligg det nye kjøpesentret i Lom. Det rømer tre kjeder: Rema 1000, Gausdal Landhandleri og Europris. Bygget stod ferdig i 2010. Det harmonerer med byggjestylen i Lom og provar dermed at det er mogeleg å halde utbyggjarane i øyro og skapa eit heilskapleg sentrum der folk trivst.

Arkitekt er Bjørn Horten frå RAM Arkitektur i Lillehammer, medan byggjerre er Lom eige-dom AS. Bygningen har fått mange lovord; jamvel Remasjef og hytteoppdaling Ole Robert Reitan har kalla det ein av dei vakraste Rema 1000-bygningane i landet.

Dag og Tid spør dagleg leiar for Lom eige-dom AS, Åge Melbø, om korleis han opplevde dei strenge byggjekrava.

– Vi har heldige og fekk ein arkitekt frå området som kjende til dei strenge reglane. Han tok utgangspunkt i tre stabbur i området, som ligg attved einan-nan. Dermed fekk kjøpesenteret den forma det har i dag.

Men Melbø vil òg vektleggje negative sider ved dei strenge reglane.



Lom har forbod mot neonljøs. Det har tvinga Esso attende til godt, gamalt handverk.

– Arkitekten har valt ein konstruksjonen som skaper utfordringar. Dei ulike byg-ningsdelane, som skal førestelle stabbur, er åtskilte med skråt-ak. Det gjev ein bygning med fleire hjørne og større taka-real enn eit vanleg kjøpesenter. Ikkje berre er det knytt større

fare for lekkasje til hjørne enn ved rett fasade, men det min-skar òg arealplassen inne i byg-ningen. I tillegg er utgiftene ved skråt-ak større enn ved flattak.

– Men daglegvarekjedene tener store pengar; dei må også kunne byggje vakkert så det blir trivsel på tettstaden. Og på lang sikt er det vel lønsamt med ein bygning som er attrak-tiv?

– Vel, driftskostnadene vil nok vera større på dette byg-get enn andre kjøpesenter. Ein slik konstruksjon ville dess-utan snauvt vera mogeleg for eit større kjøpesenter – eit bygg på ti tusen kvadratmeter. Lom kjøpesenter er på 3600 kvadrat-meter.

– Ville du gjort det same dersom du skulle byggje på ein annan tettstad?


– Ja, om reglane kravde det. Det viktigaste er å ha god dia-log med kommunen. Det er absolutt artig med eit kjøpe-senter som ikkje fylgjer den vanlege utforminga, men som er utradisjonelt og originalt, endå det skaper utfordringar for drifta.



Utforminga på det nye kjøpesentret i Lom er inspirert av lokale stabbur.

Arkitektur

Kjem du inn til Lom, slår turistfa-silitetane imot deg. Her ligg hotell og museum side om side. Bortsett frå einskildbygningar som Stor-stabburet frå 1613 og Lom stav-kyrkje, med skip frå 1000-talet og kor frå 1200-talet, er sentrum samansett av bygningar av nyare dato. Prestegarden er eigenleg eit murbygg som er tildekt med tre-panel. Men det skader ikkje, om hundre år vil det likevel vera ein «historisk» bygning. Ved å byggje i tradisjonell stil skaper lomvæ-rene ei bygd for framtida. I Lom skjønar ein at historie og samtid er uskiljande.

Terningkast: 

Kollektivtrafikk

Lom er ein liten kommune med eit fortetta sentrum. Utanfor ligg storgardane. Det bur 2600 i herad-et. Spørsmålet om kollektivtra-fikk er dermed ikkje så relevant som i ein storby. Ein kjem seg lett fram med busselskapa som har Lom på ruta si, Nettbuss og Nor-way bussekspress. Sentrum er likevel merkt av stor bilisme. Men om hovudvegen blir lagd utanom sentrum, vil det mogeleg gå ut over handelsstanden.

Terningkast: 3

Sykkelstigar

Det er gode sykkelveggar til og frå nærliggjande bygdensentrum. Syklistar kan nyte idyllen på den gamle solsidevegen, medan den største biltrafikken går på den nye motorvegen, riksveg 15. Elles er det lagt til rette for sykkel-turar heilt opp til Jotunheimen. I sen-trum fanst det derimot separerte sykkelstigar. Det hadde ikkje kosta kommunen mykje å laga eit lite sykkelrutenett i Fossber-gom til glede for sykkelpendlarar og sykkel-turistar.

Terningkast: 4

Møteplassar

Lom køyrer hardt på med opp-levingsturisme. Turistkontora og hotella tilbyr guiding i fjel-let, tindevandring, Breturar og kliving i Jotunheimen. Men hel-digvis finst det tilbod for dei med mindre sans for kroppstilbeding. Laurdagen eg var i Lom, var det humanistisk seminar på Nord-gard Aukrust og framføring av Jakob Sande-dikt av Diktarp-lager – Jotunheimen Underholdning. Om sumaren går Diktardagar av stabelen. Attåt bør veteranbillau-pet Flåklypa Grand Prix nemnast.

Terningkast: 5



Hotella tilbyr turistiske menyar, men på Coop-kantina kan du unne deg ein lokal spesialitet for ein billeg penge: rjomebrød.

Mattradisjonar

Alle assosierer sjølvsgagt Lom med Arne Brimi; Han kom til Foss-heim turisthotell i 1992 og vart snøgt ein landskjend kokk. No driv Brimi Vianvang i granne-kommunen, men Brimi er enno til stades i Lom. Turistifiserte stader som lokalmatforretninga Brimibue og Brimi Fjellstugu vitnar om Brimis merkevarebyggjing. Høgdepunktet i dag er Bakeriet i Lom, der meisterkokken Morten Schakendas gode råvarer og klas-sisk handverk sel brød, utan å ta for høg pris på varene. Aukrust Gard og Urteri er dessutan verdte å få med seg.

Terningkast: 6

Råd for framtida

Skal god byggjeskikk fylgjast opp, nyttar det ikkje berre med velmeinte reguleringsplanar. By-planleggjing må tuftast på eit større grunnlag som innbyggja-rane kan kjenne seg att i. I Lom utstrålar bygningane kulturelle verdiar, ja, kvede av Tor Jonsson og Olav Aukrust. Lom er eit føre-døme for andre norske tettsta-der. Men det tyder ikkje at andre bygder skal kopiere Loms eigen-art. Kvar by og bygd må finne att til sin «genius loci», stadånd. Det er utfordringa til norsk arkitek-tur i dag.

RONNY SPAANS



På konsert i Lomskyrkja i samband med seminaret «Mytane som skapte Noreg», arrangert av Grundtvig-selskapet i samarbeid med Stiftinga Solrenning og Kulturkyrkjene i Lom. Kjartan Haugen Foss spelar fele.



Alta
Byen er spreidd i fleire sentrum med høge hus. Løysinga er fortetting og fleire bustader i sen-trum.



Oslo
Fjordbyen skulle bli ein bydel for Oslo-folket, men utfallet er kynisk eigedoms-spekulasjon.



Fredrikstad
Ein schizofren plan-keby.



Hammerfest
Hammerfest byr på det klassiske nord-norske arkitekto-niske kaoset.



Trondheim
Byr på perler som Stiftsgården og Erkebispegarden. Minus for kontor-infernoet på Bratt-øra.



Lillehammer
OL kom med byliv og infrastruktur. I festrusen gløymde dei området kring Mesna-elva.



Kongsberg
På Vestsida står arki-tekoniske skattar på rad. På andre sida av Lågen er inntryk-ke meir variert.



Bodø
Grunnlaget atterreisingsarkitekt Sverre Pedersen la, er ikkje fylgt opp. Forfall og gråe murar merker byen.



Sandnes
Sandnes er ein uferdig by. Mange nybygg er for monu-mentale og vantar inkluderande ute-område.



Sandvika
Her er Olav Thon byplanleggjar.